



**RULLERING AV
KOMMUNEDELPLANEN
FOR TREUNGEN SENTRUM**

PLANPROGRAM

Fastsett av Nissedal kommunestyre, sak 030/22, 16.06.2022

Innhald

1	Innleiing.....	3
1.1	Plansystemet i Nissedal kommune	4
2	Bakgrunn for planarbeidet	5
3	Mål og styringssignal for planarbeidet	5
4	Overordna rammer og føringar for planarbeidet.....	5
5	Utgreiingsprogram	6
6	Tiltak med særlege utgreiingsbehov	8
6.1	Plassering av ny Tveitsund bru	8
6.2	Reduksjon av areal avsett til næring/industri på Sundsmoen	9
7	Medverknad, informasjon og organisering	10
7.1	Medverknad og informasjon	10
7.2	Organisering av planarbeidet	11
7.3	Samarbeid med andre offentlege myndigheter	11
7.4	Økonomi	11
7.5	Framdrift	11

1 Innleiing

Kommuneplanen er det viktigaste overordna styringsdokumentet for kommunen, og skal synleggjere politiske prioriteringar for innbyggjarane og for omverda. Kommuneplanen har eit perspektiv på 10-12 år, og skal rullerast kvart 4. år. Samfunnsdelen skal legge rammer for planlegging og aktivitet i kommunen. Den er òg grunnlag for handlingsprogrammet med økonomiplan, som syner handlingsmål for samfunnsutvikling, styringsmål for tenesteutvikling, prioritering av tiltak, samt verksemdsplanar. Handlingsprogrammet har eit perspektiv på 4 år, og skal rullerast kvart år.


Til kommuneplanen høyrer det òg ein arealdel, synleggjort i kommuneplankartet. Plankartet skal syne eksisterande og framtidig arealbruk, og er juridisk bindande for dei tema som er tatt inn i planen i samsvar med plan- og bygningslova §§ 11-7 og 11-8. Til plankartet kan det og knytast juridisk bindande føresegner. Nissedal kommune har vald å framstille arealdelen i eitt kommuneplankart med fem tilhøyrande kommunedelplan-kart, for områda *Kyrkjebygda*, *Kyrkjebygdheia*, *Treungen sentrum*, *Gautefallheia* og *Felle*.

Kommuneplanlegging er ein kontinuerleg prosess, og ikkje noko som blir avslutta når ein plan ligg føre. Formuleringane i samfunnsdelen er på eit *overordna nivå*, og skal syne retning og *gi føringar for vidare planlegging*. For å sikre gjennomføring av kommuneplanen er det viktig at desse føringane blir lagt til grunn, og blir nytta vidare i arbeidet med verksemdsplanar for dei ulike einingane i kommunen. Det er gjennom verksemdsplanane ein kan kome fram til meir konkrete tiltak, løysingar og prioriteringar.

Dette dokumentet er forslag til *planprogram* for revisjon av *kommunedelplanen for Treungen sentrum*. Eit planprogram kan enkelt seiast å vere ein ”disposisjon for planen”, med hovudføre mål å gjere den vidare planprosessen føreseieleg for alle partar. Ved revisjon av kommunedelplanen er det krav om konsekvensutgreiing (KU) av planforslaget (jf. KU-forskrifta § 6a med Vedlegg II, pkt. 10, a) og e)). Planprogrammet skal derfor innehalde forslag til utgreiingsprogram for KU.

1.1 Plansystemet i Nissedal kommune

Figuren under syner planhierarkiet i Nissedal kommune. Som det går fram av figuren inneheld kommuneplanen ein arealdel og ein samfunnsdel (langsiktig og kortsiktig). Kommuneplankartet med føresegner og dei fem kommunedelplankarta med føresegner, der kommunedelplanen for *Treungen sentrum* er ei ein av dei, utgjør arealdelen i kommuneplanen.



2 Bakgrunnen for planarbeidet

Kommunedelplanen for *Treungen sentrum* blei vedteken av kommunestyret i 2015, som revisjon av ein gjeldande plan. Det er nå såleis to kommunestyreperiodar sidan vedtaket. Sidan planen blei vedteken har det kome ønske om avklaringar for nye tiltak som også vil kunne føre til endra arealbruk i delar av planområdet. Dei konkrete endringstema er omtala under punkt 3 i dette planprogrammet.

3 Mål og styringssignal for planarbeidet

Fylgjande tema vil bli tatt opp til ny vurdering:

Plankartet:

- Oppretthalde eller endre plasseringa av vegkorridor for ny rv41/ny Tveitsund bru i høve til plasseringa i gjeldande plan.
- Oppretthalde eller endre omfanget av næringsområdet på Sundsmoen, inklusive Torvmyra i høve til gjeldande plan.
- Eksisterande og nye område for bustadbygging.

Planføresegnene:

- Sette særlege krav til energieffektivitet ved utbyggingar (vassboren varme, jordvarme, solcelleenergi m.m.)
- Sette særlege krav til klimarekneskap ved nybygg (andel frå fornybart råstoff m.m.).

Ved rulleringa av kommuneplanens arealdel i 2021 blei det lagt til ei ny føresegn som omhandla energibruk og klimagassutslepp, under Generelt for byggeområde. Ordlyden er denne:

Ved nyetableringar og utvidingar av næringsbygg, bygg for tenesteyting og bustadområde, skal det vurderast korleis lågt energiforbruk og lågt klimagassutslepp kan oppnåast. Det bør samtidig leggest fram berekna klimafotavtrykk. Dette inkluderer val av materialar med liten miljøbelastning, basert på for eksempel LCA-analyse. Det vil vere naturleg også å ta denne inn i denne kommunedelplanen.

Ved varsel om oppstart av planarbeidet vil det også vere høve til å kome med konkrete innspel til arealdisponeringa i planområdet utover kulepunktta over. Dette kan til dømes vere forslag til område for bustader, fritidsbustader, næringsområde, turstiar osv. Særleg relevante vurderingskriterium for slike forslag vil vere:

- Avstand til vassdrag (min. 50 m. i gjeldande plan).
- Avstand til dyrka mark.
- Plassering i landskapet, unngå særleg eksponerte område.
- Plassering i høve til kjente kulturminne.
- Plassering i høve til flaum og rasutsette område.
- Avkøyringsmoglegheiter frå offentleg veg.
- Omsyn til friluftsområde og ferdselssoner.

4 Overordna rammer og føringar for planarbeidet

Kommunestyret er øvste planmynde i kommunen. Ved rullering av kommuneplan/kommunedelplanar er det likevel ein rekke overordna føringar det må takast omsyn til. Viktigaste av desse ved denne planrulleringa vil vere:

4.1 Sentrale føringar

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023
- FN's berekraftsmål, jf. Meld.St. 40 (2020-2021); *Mål med mening, handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030*
- Utgreiinga *Klimakur 2030*, Miljødirektoratet m.fl.
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)
- Lov om jord (jordlova)
- Lov om kulturminner (kulturminneloven)
- Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova)

- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)
- Forskrift om konsekvensutredning for planer etter plan- og bygningsloven
- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga
- Rettleiaren *Barn og unge i plan og byggesak*, KMD 14.01.2020
- Nasjonale mål for vann og helse, Regjeringa 22.05.2014
- Statlige planretningslinjer for klima og energiplanlegging og klimatilpassing
- Statlige planretningslinjer for samordnet bustad-, areal og transportplanlegging

4.2 Regionale føringar

- Regional planstrategi for Vestfold og Telemark 2020-2024
- Regional plan for samordna areal og transport for Telemark 2015-2025 (ATP-Telemark)
- Regional klimaplan for Telemark 2019-2026
- Klimaplan for Vest-Telemark 2022-2030
- Klimaprofil for Telemark 2022

4.3 Lokale føringar

- Kommuneplanens samfunnsdel
- Kommunal planstrategi 2021-2023
- Handlingsprogram 2022-2025

Til temaet ny Tveitsund bru blei det 20.10.21 arrangert eit folkemøte, og der Statens vegvesen i etterkant utarbeidde eit notat, «Utredning Tveitsund bru», for alternative plasseringar, med tilhøyrande grovkalkulerte kostnader.

Kommunestyret vedtok 06.05.21 kommunal planstrategi 2021-23 (sak 034/21). Her blei det slått fast at arbeidet med revidering av kommunedelplanen for *Treungen sentrum* skal starte opp når Statens vegvesen har lagt fram meir grundige kostnadskalkyler for dei ulike bru-alternativa.

I handlingsprogrammet for 2022-2025 er dette fylgd opp med fylgjande formulering for tiltak som skal gjennomførast i 2022:

- *Rullere kommunedelplanen for Treungen sentrum, hovudtema lokalisering av ny Tveitsund bru.*

5 Utgreiingsprogram

Som ein del av planforslaget vil det bli gjort greie for konsekvensar av føreslegne arealendringar – konsekvensutgreiing. Aktuelle arealendringar må vurderast i høve til fylgjande tema:

Risiko og sårbarheit.

- Ras og flaum.
- Radon
- Trafikktryggleik

På kommuneplan-nivå skal *potensiell fare* for flaum og skred vere identifisert, omtala og vurdert. Fareområde bør, så langt det er kjent, vere markert på plankart evt. i temakart som er knytt til dette.

For tema ras (lausmasseskred, steinsprang og snøskred) må det gjerast ein samstilling av eksisterande kunnskap frå nasjonale databasar (Skrednett mv), undersøkingar kommunen tidlegare har gjennomført i eigen regi, samt aktuell lokalkunnskap. For nye byggeområde kan det vere nødvendig med nye undersøkingar. Dette må gjerast av firma med spesialkompetanse på området.

For tema flaum ligg det føre oversikt over grense for 200-års flaum for Nisser (utført av NVE), samt ein del data på vasshøgder ved tidlegare flaumar.

Det er ikkje gjennomført fullstendige kartleggingar av radon i kommunen. Det er ikkje mistanke om område med spesiell sterk radonkonsentrasjon. Ved byggesaksforskrift (TEK §13-5) vil dette temaet derimot vere sikra nødvendig oppfølging.

Nissedal kommune har plan for trafikksikring. Denne vil vere førande ved alle forslag om arealendringar.

Miljø

- Naturverdiar og biologisk mangfald
- Forureining/støy
- Energibruk
- Estetikk og landskapstilpassing

I 2004 blei det gjennomført ei naturtyperegistrering (21 lokalitetar). Det er ikkje gjort spesiell registrering av raudlisteartar i Nissedal, anna enn det som er tilgjengeleg i nasjonalt baseregister. Ny arealbruk må sjekkast ikkje å kome i konflikt med desse opplysingane. Det kan derfor bli aktuelt å gjere ytterlegare vurderingar av temaet naturverdiar/biologisk mangfald.

Vatn- og avløpsløyser og nærleik til mogleg trafikkstøy vil vere ein del av vurderingane i høve til lokalisering av nye byggeområde.

Ny arealbruk må ikkje føre til brot med god estetikk og landskapstilpassing.

Friluftsliv

Ved arealbruksendringar må rekreasjonsområde og mogleghet for samanhengande tur- og skiløyper sikrast. Krav om universell utforming av tilretteleggingstiltak vil stå sentralt.

Kulturminne og kulturlandskap

Kulturminne er spor etter menneskeleg aktivitetar (bygg, anlegg, reiskap osv) frå tidlegare tider.

Kulturminne frå før 1537 er automatisk freda. Det same gjeld for bygg sett opp før 1650. SEFRAK-registeret viser bygg bygd før 1900. Ved endra arealbruk skal tilhøve til kulturminne avklarast. Også verknaden av tiltaket på influensområdet må vurderast og avklarast.

I kombinasjon med urørt natur, gjer kulturlandskapet Nissedal attraktivt og verdifullt både for fastbuande og turistar. Moderne driftsmåtar- og mindre lønsemd i landbruket gjer det vanskeleg å oppretthalde det gamle kulturlandskapet. Nye arealdisponeringar må ikkje forsterke, men snarare motverke denne utviklinga.

Landbruk - Jordvern

Endra arealbruk kan resultere i at landbruksareal går tapt, eller areal kan bli oppdelt og gje mindre rasjonell drift. Utbyggingar nær landbruksareal kan òg gje driftsulemper. Planen må støtte opp om den nasjonale politikken for eit strengt jordvern.

Vassdrag og vassdragsnære område

Gjeldane plan har eit særskild tiltaksforbod i sone 50 m frå vatn/vassdrag. Dersom det blir lagt opp til arealendringar i desse sonene, må verknadene i høve til omsyna tiltaksforbодet her var meint å verne, utgreiast.

Universell utforming

I forslag til endra arealbruk må graden universell utforming avklarast. Samstundes må planen vurdere kva som kan fremje ønskje om universell utforming utover lovkrava.

Barn og unge

Alle nye byggeområde i planen skal vurderast og konsekvensutgreiast i høve til barn og unge sitt oppvekstmiljø. Aktuelle tema kan vere aktivitetsområde for leik/idrett og trygg skuleveg.

Andre samfunnmessige konsekvensar

- Tilhøvet til visjon og overordna målsetting i planen.
- Folkehelse.
- Økonomiske konsekvensar for kommunen.
- Tenestetilbodet i kommunen – barnehage, skule og eldreomsorg.

Det må gjevast eit realistisk bilde av kva planendringar vil ha å seie for dei nemnde kulepunkta. Der det er nødvendig, må verknadene utgreiast nærare.

6 Tiltak med særlege utgreiingsbehov

6.1 Plassering av ny Tveitsund bru

Gjeldande kommunedelplan syner at trasé for ny rv41/ny Tveitsund bru tek av frå eksisterande rv41 like nord for Texaco-stasjonen, kryssar vassdraget ved å gå innom Øyna, og kjem inn på Skålestronda ca. 320 meter sør/aust for RødeKors-huset. Det er også denne traséen som ligg i den gjeldande detaljreguleringsplanen *Treungen sør* (2012). I notatet frå Statens vegvesen er denne traséen (alt D) sett opp mot ein alternativ trase (alt C) der kryssingspunktet blir om lag midtvegs mellom gjeldande planplassering og dagens Tveitsund bru, og der det blir konkludert med dette som den rimelegaste løysinga (estimerte kostnader 55 mill. kr mot 104 mill. kr). I ettertid er det stilt spørsmål ved ein av føresetnadene for denne kalkyla: Det er lagt til grunn at alternativet over Øyna vil gi større bruspenn enn alternativet midtvegs, 130 meter mot 90 meter. Dette kan bare vere rett dersom det må byggast bru over Lisleå.

Nisser har ved «høg-vatn» to parallelle utløp. Normalt er utløpet via Lisleå avstengt. Det er ikkje noko krav til minstevassføring, og ved vass-stand i Nisser under ca. kote 245,50, kan det ikkje gå vatn over terskelen her. Spørsmålet som derfor må reist og svarast på, er om det i det heile er nødvendig med eit bruspenn over Lisleå, dvs at fylling, men med røyr for å sørge for nødvendig gjennomstrøyming, vil vere tilstrekkeleg. Svaret på dette, der også tiltaket må vurderast opp mot flaumfare og mot eventuelle ulemper for dei tre, snart fire bustadene som vil bli avskorne frå fri tilgang til Nisser, kan bli avgjerande for kommunens traséval. Det må derfor gjennomførast ei ny fagleg vurdering av om ei mogleg løysing er trasé etter gjeldande plan, men der det bare blir bygd eitt bruspenn, og der resten blir veg på fylling. Dersom eit slikt alternativ er mogleg, må dette leggest til grunn i reviderte kostnadskalkyler før kommunen tek stilling til trasévalet.


Lisleå renn vidare ned til Haukerhylen. Der vegparsellen Homme-Haukerhyl kryssar Lisleå, er det ei plass-støyppt bru med lysopning (6 x 2) m². Det er ikkje kjent at denne har vore overfløymd. Lysopninga her kan derfor vere dimensjonerande for røyra som må leggest i fyllinga for den nye rv41.traséen. (Mellom terskelen/stemmen i Lisleå og vegkryssinga, kjem også Dalsåna inn med sitt nedbørsfelt, så ei lysopning på 12 m² vil vere å overdimensjonere.)



Ny bru-løysing. Kryssingspunktet etter vegvesenets alternativ C, sett mot sør/aust. Nisser 244,35 moh



Ny bru-løsning. Kryssingspunktet etter vegvesenets alternativ C og D, sett mot sør/aust. Nisser 244,35 moh




Utsnitt gjeldende plankart, kommunedelplan Treungen sentrum (2014), Trasé ny rv41

6.2 Reduksjon av areal avsett til næring/industri på Sundsmoen

I reguleringsplanen *Sundsmoen industriområde* (1983) er det lagt ut areal for framtidig næringsetablering. Dette arealet er vidareført i kommunedelplanen ved alle planrulleringar til nå, sist i 2015. Større delar av arealet som nå står ubyggt er myr (Torvmyra) med varierende tjukkeleik. Drenering og/eller fjerning av torvlaget vil gi auka nedbryting av organisk materiale og med det auka CO₂-utslepp. Det er derfor reist spørsmål om ei vidare utbygging i dette området kan forsvarast ut frå

dagens klimapolitikk. Alternativet vil vere å avgrense vidare utbygging ved i kommunedelplanen å tilbakeføre delar av dette arealet til LNF-areal. (Det er alt i gjeldande kommuneplan sagt at kommunedelplanen skal gjelde framfor reguleringsplanen i dette området.) Eit slikt plangrep må vurderast opp mot konsekvensar av å sitje igjen med mindre areal til framtidig næringsetablering. Spørsmålet som må stillast og svarast på, er om dette arealet kan erstattast av anna areal innom eller utanfor kommunedelplanen, og om erstatningsarealet i så fall også gir mindre klimaavtrykk.



Utsnitt gjeldande plankart, kommunedelplan Treungen sentrum (2014), Sundsmoen industriområde

7 Medverknad, informasjon og organisering

7.1 Medverknad og informasjon

Kommuneplanen/kommunedelplanar er kommunens viktigaste styringsverktøy. Arbeidet med ein slik plan bør såleis vere ein sentral arena for politikkkutforming i kommunen.

Ein planprosess er eit ypparleg høve til å utveksle meiningar og synspunkt som skal leie fram mot ein plan. Vidare kan planarbeidet gi ny kunnskap og betre avgjerdsgrunnlag blant deltakarane. Såleis er planprosessen eit mål i seg sjølv.

For dei fleste er likevel gjennomføring av planen det mest interessante. Medverknad i planprosessen gir eigarskap til-, noko som er ein føresetnad for gjennomføring og lojalitet til planen.

For å skape eit breitt engasjement og deltaking i planarbeidet, er det vesentleg å nå ut med informasjon. I planprosessen ser ein for seg ein aktiv bruk av kommunens heimeside og facebookside, annan skriftleg informasjon og av lokalavisa Vest-Telemark Blad. Hovudføremålet blir å gjere

planarbeidet kjent, og å oppmode om konkrete innspel til arbeidet. Når planforslaget blir sendt på høyring, bør det haldast eit ope møte om planforslaget.

7.2 Organisering av planarbeidet

Ved denne rulleringa foreslår ein fylgjande organisering av planarbeidet. Det er lagt særleg vekt på ei brei politisk forankring.

Kommunestyret er øvste planmynde i kommunen. Kommunestyret skal fastsetje planprogram og vedta plan. Kommunestyret må haldast informert om prosessen undervegs.

Ei *styringsgruppe* innstiller til kommunestyret. Formannskapet skal fungere som styringsgruppe. Styringsgruppa har det praktiske ansvaret for å arbeide fram innhaldet i planen. Kommunedirektøren stiller med sekretærfunksjon for gruppa

7.3 Samarbeid med andre offentlege myndigheter

Det er førebels ikkje halde dialogmøte mellom styringsgruppa og statlege og fylkeskommunale etatar. Det blir lagt opp til dialog undervegs i planprosessen (møte i planforum). Form og omfang må derimot avklarast nærare av styringsgruppa.

7.4 Økonomi

Det er sett opp fylgjande budsjett for revisjon av kommunedelplanen for Treungen sentrum:

Utgifter (kr)

Møtegodtgjersle inkl. køyring:	10 000
Eksterne konsulentar til utgreiingar mv:	30 000
Interne lønnskostnadar (administrasjonen):	50 000
Kontorutgifter m.m.:	5 000
Annonsering og kunngjering:	5 000
SUM:	<u>100 000</u>

7.5 Framdrift

For å klare å halde engasjementet oppe, samt kome i ”mål” innan rimeleg tid, er det lagt opp til ein relativt stram planprosess, men utan det går utover dei formelle fristane som er heimla i lova. For styringsgruppa inneber dette at dei i periodar må prioritera arbeidet høgt.

Aktivitet	Dato
Behandling av forslag til planprogram i formannskapet:	17.03.22
Varsle planoppstart, høyring av planprogram:	08.04.22
Behandling av planprogram i kommunestyret:	16.06.22
Utgreiing og utarbeiding av planforslag:	veke 25-40
Vedtak planforslag til høyring:	Oktober 2022
Høyring av planforslag inkl. ope møte	Oktober – november 2022
Revidere planen etter høyringa	Desember 2022
Handsaming av planen i kommunestyret	Desember 2022